



Janne Kari Gjerde Eknes
Isdal 55
5916 Isdalstø

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/5195 - 23/53686

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
28.06.2023

Vedtak omdisponering etter jordlova § 9 gbnr 185/35

Administrativt vedtak **Saknr: 691/23**
Tiltak:
Eigedom: Gbnr: 185/35
Tiltakshavar: A

Vedtak :

Alver kommune gjev løyve til omdisponering av om lag 20m² areal som søkt om på gnr. 185, bnr. 35 med heimel i jordlova § 9.

Vedtaket er gjeve på følgjande vilkår:

Matjordlaget skal fjernast og takast vare på slik at det kan nyttast til å etablere vekstmedium i bakken/fyllinga sør for oppstillingsplassen.

Saka gjeld søknad om omdisponering av areal jordbruksareal på om lag 20m² til oppstillingsplass for bilar på gnr. 185, bnr. 35. Tiltaket kjem i stand etter at brua over elva har kollapsa. Vi legg dokument 23/35086 i sak 21/9592 til grunn som søknad. I dette brevet går det fram at det er gjeve rammeløyve til tiltaket, men der følgjande skal liggje føre: «Dersom tiltak er avhengig av omdisponeringsløyve etter jordlova, må godkjend løyve liggje ved. Det må leggjast ved avklaring frå landbruksavdelinga av dette tilhøvet ved søknad om igangsetting.» Det er dette saka gjeld.

Planstatus/gardskart:

Status i kommuneplanen er at bruket ligg i LNF-område, men med omsynssone landbruk, friluftsliv og kultur.

Bruket har slik areal:

Fulldyrka jord	0,7 daa
Overflate dyrka jord	0,0 daa
Innmarksbeite	0,0 daa

Produktiv skog	1,0 daa
Anna markslag	0,3 daa
Bygningar med meir	0,8 daa
Sum	2,8 daa



Fig. 1. Den fulldyrka jord ligg plassert mellom tilkomstvegen til bruket, elva og naboeigedom slik den raude markeringa syner.

Vurdering

Arealet/areala er definert som fulldyrka jord. Før arealet kan nyttast til andre føremål enn landbruk, må det ligga føre vedtak om omdisponering etter jordlova §9.

Omdisponering etter jordlova § 9

I jordlova § 9 1.ledd står det «Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon.

Formålet med forbodet mot omdisponering er å verna produktive areal og jordsmonn. Det grunnleggjande formålet er jordvern, det vil sei å sikra matproduserande areal.

I jordlova § 9 2.ledd er det opna for å gje dispensasjon frå 1.ledd i særlege høve der «det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika»

Ordlyden «særlege høve» understrekar alvorret kring jordvernet, det vil sei å sikre matproduserande areal for framtidige generasjonar.

Ein kan gje samtykke til dispensasjon etter ei samla vurdering av forholda. I jordlova § 9 2.ledd er det sagt kva omsyn som skal leggjast vekt på ved vurderinga: «ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- og

miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagn ei omdisponering vil gje. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon»

Arealet ligg klemt inne mellom elv, veg og annan eigedom, samt bustaden på bruket. Det vil ikkje kunne gje grunnlag for økonomisk forsvarleg jordbruksdrift i framtida. Men matjorda har ein verdi. Den må difor takast vare på. Dette skal gjerast ved å grave vekk matjorda som vert dekt av tiltaket. Matjorda skal takast vare på og kan nyttast til å jordslå fyllinga som kjem sør for oppstillingsplassen (mot naboeigedom).

Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderinga over har Alver kommune kome fram til at omsyna bak omdisponering (jordvernet) ikkje vert sett til side som fylgje av at det vert gjeve løyve til å omdisponere om lag 20m² fulldyrka jord.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 23/5195

Bortfall av løyve

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvirert innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8). Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver Kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alversund Maskinstasjon As	Alvervegen 27	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Mottakarar:

Janne Kari Gjerde Eknes
Sven Ivar Eknes

Isdal 55
Isdal 55

5916 Isdalstø
5916 Isdalstø